



Bilete syner ein nøgd mottakar av gåvesjekken på kr. 5.000,- F.v. Kenneth Løland, Michael Løland, Anve Gausvik og Øystein Haavik.

Knapphus energi og Auto 88 sin gåvesjekk på kr. 5.000,- gjekk til Herøysund Idrettslag. Gåva vart overlevert i dag. I perioden 20. november til 20. desember har kundar levert inn kvitteringar på kjøpt drivstoff og skrive namnet på den organisasjonen ein ville skulle få gåvesjekken. Felst lappar fekk idrettslaget i Herøysund. Uskedal Idrettslag kom som god nummer 2.

Dette vart gjort som ein gest og takk til lokalsamfunnet. Drifta har vore god med ny organisasjon og nye eigarar. Tiltaket med gåvesjekken er at ein vil gje noko tilbake til Uskedalen og bygdene rundt. Det er private kundar som har skrive namnet på lappen og lagt i ein boks i skranken.

Nestleiar i Herøysund Idrettslag, Kenneth Løland, er godt nøgd med gåva. Pengane skal brukast på noko som kjem medlemene til gode, særleg noko for borna og dei aldersbestemte klassane. Det kan vera premiar, eit miljøskapande tiltak eller ei bestemt markering.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal